



Fylkesmannen Vestland
Statens hus
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1135 - 20/4405

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
27.01.2020

Vedtak til klagevurdering - dispensasjon frå reguleringsplan gbnr 323/567 Frekhaug

Tiltak: oppføring av tomannsbustad BK05
Byggjestad: Gbnr: 323/567
Tiltakshavar: Mjåtveitmarka B16 AS
Ansvarleg søkjar: Tyark AS

Saka gjeld søknad om oppføring av tomannsbustad i felt på BK_05 Elvavegen i Alver kommune. Det er søkt om dispensasjon for etablering av avkjørsel nr.2 på eigedommen med 1 regulert avkjørsel.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Elvaåsen, planid: 125620110003 er definert til konsentrert småhusbebyggelse i område BK05.

Saka vart handsama administrativt, der følgjande vedtak vart fatta:

«Med heimel i plan- og bygningslova pbl § 19-2 andre ledd gir Alver kommune dispensasjon frå regulert avkøyring som omsøkt, jf. søknad om dispensasjon journalført 23.01.20.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve for oppføring av tomannsbustad på tomt BK_05 i Elvavegen på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 25.09.19 motteke 06.01.20 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Tiltaket skal knytast til kommunalt vassverk og kloakkanlegg i samsvar med løyve til påkopling og utførast i samsvar med godkjent VA-plan i sak 16/843.**

3. Tiltaket får tilkomst til offentlig veg via privat veg. Veg og avkjørsle skal opparbeidast i samsvar med godkjent reguleringsplan.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Godkjent ferdigmelding på tilkopling til offentlig VA anlegg
2. Følgjande rekkefølgekrav i reguleringsplan skal være oppfylt:
 - UA01, UA02, UA 06
 - ØK04, ØK05
 - G02, G03
 - LEK02
 - KV11, KV12, KV01 fram til KV08 og KV08 fram til KV11

3. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Alver kommune godkjenner at eigedommen blir knytt til kommunalt VA-anlegg på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningslinjer og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, jf. kommuneforlaget.
- Tilknyttinga skal skje i kum. Det skal takast kontakt med driftavdelinga for fysisk påvising av knutepunktet. Melding om dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast til kommunen når tilknyttinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding om dette til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ, der tilknytingsgebyret for vatn er kr 15 000,- og for kloakk kr 15 000,- pr. bueining inkl. mva.))

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Larissa Dahl på e-post larrissa.dahl@alver.kommune.no eller på telefon 56171423.

Vedtaket med grunnlaget ligg vedlagt her.

Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

